

Annette Brügger

Njøten 20/11-2014

Njøtevegen 335

5943 Austrheim

Austrheim kommune

dykkar ref.: 14/1577 - 2 / TAA

v/rådmannen

Klage på avslag om nytt busstopp i Njøten.

Viser til avslag på søknad om nytt busstopp i Njøten 14.11.14.

Avslaget er basert på at avkøyring frå kommunal veg til privat veg er knapp og ikkje eigna for busstrafikk.

Situasjonen i dag er at det er ein minibuss som køyrer denne ruta, slik me forstår det ut i frå kapasiteten på minibussen i dag, så er den såpass stor at det ikkje er truleg at det vert trong for større kapasitet og dermed eit større køyretøy.

Minibussen i dag køyrer rett som det er til det aktuelle stoppet me ynskjer som nytt busstopp. Det har blitt gjort ved dårleg vær eller andre omstende. Det er altså ikkje slik at det er eit reelt problem.

I tillegg kan det nemnast at NGIR avhenting av buss på same stad som busstoppet. Dei har ingen vanskar med å komme seg gjennom avkøyring til privat veg, eller å snu ved postkasseskuret. Dette er eit større køyretøy enn minibussen som i dag køyrer skuleruta.

Me ber om at Austrheim kommune revurderer saka.

Ei synfaring ved postkasseskuret vil også stadfeste at det er godt med plass til å snu her.

Mvh

Annette Brügger